



Arkivnr: 2017/17902-21

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 27/19 i møte 13.06.2019:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. *Utarbeide samla oversikt over nasjonale og regionale mål i kulturminneforvaltninga med tilhøyrande tiltak*
2. *Vidareutvikle rapporteringa for å sikre betre styringsinformasjon i kulturminneforvaltninga*
3. *Gjennomføre risikovurderingar knytt til det å ivareta fylkeskommunen sitt ansvar i kulturminneforvaltninga*
4. *Gjennomgå og tydeleggjere rolle- og oppgåvedelinga internt hos Fylkeskonservator*
5. *Etablere eit overordna rutinedokument som gir oversikt over gjeldande retningslinjer, rutinar og malar knytt til dei ulike oppgåvene Fylkeskonservatoren har ansvar for*
6. *Sikre at alle rutinar er oppdaterte og elles drøfte med dei tilsette kva rutinar og malar som hadde vore hensiktsmessig å ha*
7. *Etablere tydelegare kriterium for tildeling av tilskot til musea*
8. *Sikre etterleving av lovpålagte fristar i sakshandsaminga av dispensasjonssaker*
9. *Sikre at mynde til å fatte vedtak alltid er tydeleg delegert for ulike sakstypar*
10. *Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 07.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Handlingsplanen må også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*

Drøfting:

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 01.10.2019 frå fylkesrådmannen som inneheld handlingsplan for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen. Av notatet går fram at det er sett i gang ei rekke positive forbetningsprosessar både på kort sikt og som ein del av arbeidet med førebuinga av fylkessamanslåinga. Det går vidare fram av notatet at det meste av forbetningsarbeidet vil vera ferdig utført i løpet av første halvår 2020.

Sekretariatet har også merka seg som positivt at vidare arbeid med oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen vert tatt med og vurdert i samband med å få på plass nye rutinar på dette området i Vestland fylkeskommune. Vi meiner det er viktig å få på plass gode rutinar når det gjeld kulturminneforvaltning i den nye fylkeskommunen. Det kan difor vera føremålstenleg at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune vert utfordra på å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 på korleis desse forbetningspunkta er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune fortsette å arbeide vidare med forbetningspunkta som ein del av førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetningspunkta i forvaltningsrevisjon innan «kulturminneforvaltning» er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune fortsette å arbeide vidare med forbetningspunkta etter forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltning, som ein del av førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.
2. Kontrollutvalet anmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetningspunkta i forvaltningsrevisjon innan kulturminneforvaltninga er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Handlingsplan – oppfølging forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga